

# Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

## Årsmelding frå styret 2023

Voss 27.01.2024

### Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau

Revisor: Knut Kvamme og Åse Kyte

Valnemnd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemnd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2023 har det vore 4 styremøte samt årsmøte. I tillegg har me hatt 7 arbeidsmøte.

**Årsmøte vert i Songvehytta 17 April 2024 kl. 19:00.**

### Viktige hendingar:

I 2023 var me tilbake til meir normal drift etter korona.

I mars hadde me kulturkveld i Songvehytta. Atle Ove Martiniussen heldt kåseri om «Kveiken gjennom tida og stoda i dag», Laila Rynning Veum heldt kåseri om «Kveiken i kunsten». Musikkinnslag av Steinar Hårklau og Odd Hagen. Lyder Veum losa oss gjennom kvelden.

02.06. heldt stjernekamp-vinnar og tusenkunstnar Bjørn Tomren konsert på amfiet. Vi hadde 300 betalande gjester i godt sommarvær. Tomren var i storslag, og publikum var med!

25.08. arrangerte me rocke-konsert. Slomosa som turnerer i heile Europa heldt konsert på Hedleberget, den einaste konserten Slomosa heldt i Norge dette året! Til oppvarming stilte Trine Urne «Duesund». På begge konsertane hadde me god hjelp frå nye grendafolk.

03.09. var det open dag i høve Kulturminnedagane. Køyretøyhistorisk klubb la turen til Hedleberget denne dagen med fleire titals store og små bilar. Geolog Johannes Vik Seljebotn var på steinsenteret, og hadde mykje interessant å fortelje. Stine Hårklau viste fram meteoritten som er funne i Jordalsfjella. Mange viser stor interesse for geologifaget.

Det var fleire som hadde stand på open dag. 4H, Bjørgum Bygdekvinneleg, Berit Sivlesøy Hårklau og Mari Grevle, og «hedleberjen» sjølv. Pensjonisten Selmar Traa var på museet og fortalde om skiferdrifta. Espen Bakketeig leverte flott song frå sitt einmannsorkester. Det var mange på berget den dagen.

Under kulturminnedagen vart det kjent at Hedleberget skulle få eit såkalla «Vossagrindbygg» i gåve frå Voss Sparebank. Vossagrindbygg er grindbygg med to omfar laft i ramma under sperr. Hytta målte 4,5 \* 5,5 m.

Plassering vart avklart med grunneigar, og vart sett opp framfor fellesbrakka. Flott utsikt! Det vart lagt ned ein solid platting med store heller som bygget ble reist på. Ein tørr plass for dei som går kulturstien. Bygget står ferdig med solid skifertak. Det vart lagt ned ca. 200 dugnadstimar på prosjektet. Ein stor takk til Voss Sparebank, som har støtta oss i mange høver!

Ei gruppe i Voss Kommune la sommaravslutninga si til Hedleberget i juni, og i august fekk pensjonistane i Sosialbygget omvising og historie av Jan Olav Grevle.

Vestnorsk kulturakademi og Arkitektskulen har hatt 4 turar til Hedleberget, der Jan Olav har demonstrert skiferarbeid.

Det har også vort dåpsfeiring i Songvehytta, og kulturstien vort flittig brukt både sommar og vinter.

#### **Søknadar:**

Som frivillig organisasjon få vi normalt refundert moms, men 2022 hadde me kr. 96.000,- i omsetning. Vi hadde ingen store konserter på amfiet i 2022. For å få refusjon må omsetninga være over kr.100.000,-. Dette var ukjent for oss!

#### **Dugnad:**

Det er rydda skog rundt hytta til Petter og Andreas Hårklau. Elles er det utført diverse vedlikehald på andre bygg. Det er lagt ned ca. 350 dugnadstimar på fysisk arbeid + konsertar, open dag og møter. Det er også lagt ned mykje arbeid med historie etter transportstrengen, dette er enno under arbeid.

#### **Plan for 2024:**

Me er no i gang med restaurering av skantesakser. Me har fleire sakser som er laga av Voss Mekaniske Verkstad som vort sett i stand. Me har også fleire sakser som viser utviklinga frå saksen Arne Rene laga i 1884, og fram til den saksen me kjenner i dag.

Plan er å stille dette ut på museet.

Me må vurdere å berga hytta etter Petter og Andreas Hårklau, om forholda ligg til rette for det, det same med skantehytta etter dei.

Me vil også prioritera arbeidet med historia. Så langt har me god oversikt over «benkane», og kven som arbeidde der, no er me begynt med historia til transportstrengen. Frå 1940 til 1957 var det totalt 182 personar som deltok i dette arbeidet. Dette har me namneliste på.

Elles er det planar om tilstelling i Songvehytta på vårparten.

25. mai legg Køyretøyhistorisk klubb turen til Hedleberget med ca. 200 restaurerte bilar. Her vort det mykje folk. Det skal serverast mat til alle, så her treng me frivillige!

Vidare planlegg me konsert i mai / Juni, og i månadsskifte august / september.

Opn den tradisjonelle open dag i høve Kulturminnedagane i september.

Me er registrert i Norsk tipping som mottakar av "Grasrotmidlar" Me set stor pris på at me vert vald som mottakar. Organisasjonsnummeret er 998 081 491. Medlemskontingent i Interessegruppa er kr. 100,- Konto: 3480.14.21360

For styret:

Ingmar Hårklau  
Leiar